

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 13.09.2018
Vår ref.: 2018/13528-7
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage over vedtak om ekspropriasjon av del av gnr 4 bnr 1 i Askøy kommune – melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev av 17.08.18 med oversending av klage frå Harris Advokatfirma AS, på vegne av grunneigar Magne Jostein Strømsnes, over vedtak gjort av SVV 20.06.18 om ekspropriasjon av deler av gnr 4 bnr 1 i Askøy kommune.

Den fylkeskommunale klagenemnda gjorde i møte 11.09.18 følgjande **vedtak**:

Klagenemnda tek ikkje til følgje klage av 14.08.18 frå Harris Advokatfirma AS, på vegne av grunneigar Magne Jostein Strømsnes, over vedtak gjort av SVV 20.06.18 om ekspropriasjon av deler av gnr 4 bnr 1 i Askøy kommune.

Vedlagt følgjer kopi av utdrag frå møteprotokollen, og fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Vi ber dykk orientere klagar om vedtaket.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar
e. f.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.09.2018

Brev av 3.september 2018 frå adv. Mjell, Harris Advokatfirma AS, samt Statens Vegvesen sitt svar på dette av 3.september 2018 vart lagt fram i møte.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klagenemnda tek ikkje til følge klage av 14.08.18 frå Harris Advokatfirma AS, på vegne av grunneigar Magne Jostein Strømsnes, over vedtak gjort av SVV 20.06.18 om ekspropriasjon av deler av gnr 4 bnr 1 i Askøy kommune.